

Årsmelding 2024

Ulstein Eigedomsselskap



Dagleg leiars innleiing

Ulstein Eigedomsselskap KF (UEKF) si hovudoppgåve har vore å forvalte, drifte og utvikle Ulstein kommune sin bygningsmasse med tilhøyrande tomteareal. Samla bygningsmasse var i 2024 på over 80.000 kvadratmeter der om lag 52.000 kvadratmeter er formålsbygg som husar kommunale tenester. Bustader av ulik storleik, standard og alder utgjer den resterande delen.

Det fysiske arbeidet på nye omsorgsbustader inkludert base for heimetenestene i omsorgsetaten vart sett i gang våren 2024 på tomte i Skollebakken 1. Ansvar for prosjektet har lege til UEKF.

Elles kan nemnast følgjande:

- Driftsavdelinga flytta i juni til leigde lokale Brendehaugen 13, Saunesmarka frå Sentralanlegget i Storehølvengen 7, jf. prosess etter tilsyn frå Arbeidstilsynet.
- Nytt tilbygg til Almejordet barnehage vart teke i bruk i juni.
- Nytt kunstgrasdekke på Høddvoll stadion vart lagt.
- Solskjerming av rådhuset vart utført.
- Vaskerobotar for Ulstein arena og Ulsteinhallen vart kjøpt inn og sett i drift
- Leigemarknaden har vore pressa med tilhøyrande stort "trykk" på kommunale bustader, jf. også flyktningssituasjonen.

Den økonomiske stoda og utviklinga for Ulstein Eigedomsselskap KF har vore urovekkande. I fleire år på rad har driftsutgiftene vore høgare enn budsjetttrammene gjev rom for. Når situasjonen ser ut til å bli like eins for morselskapet Ulstein kommune, så er det klart at denne situasjonen innanfor eigedomsforvaltninga til Ulstein kommune ikkje kan halde fram slik.

Ulstein kommunestyre gjorde i møte 28. november 2024 vedtak om å leggje ned Ulstein Eigedomsselskap KF frå 1. januar 2025. Etter at kommunestyret i møtet 28. november gjorde vedtak om å leggje ned selskapet frå 1. januar 2025, trekte styret seg og gjekk av samla.

Innstilling til vedtak

Rekneskapen til UEKF viser eit negativt netto driftsresultat (meirforbruk) på 1 931 104,-. Det er eit negativt avvik mot revidert budsjett på 1 350 035,-. Bruk av disposisjonsfond for 2024 er 1 551 253,-. Disposisjonsfondet til UEKF er tomt. Udekket meirforbruk på 379 850,- er framført til inndekking i 2025.

1. Kommunestyret godkjenner rekneskapen for 2024 med eit negativt netto driftsresultat på 1 931 000,-.
2. Kommunestyret godkjenner at udekket meirforbruk på 379 850,- dekkast inn i rekneskapsåret 2025. Meirforbruket dekkast av positivt avvik på lønskostnader i forhold til budsjett på ansvar 1500 Administrasjon eigedom.
3. Ubrukte investeringsrammer frå 2024 overførast til 2025 i tråd med tabell.
4. Ledige ubrukne lånemidlar på 1 513 181,- går til å auke budsjett på kjøp av nye utleigebustadar.

Overføring av investeringsrammer frå 2024 til 2025

Ubrukte investeringsrammer i 2024 for overføring til 2025:

Prosjekt	Konto	Konto (T)	Ansvar	Funksjon	Sum inkl.mva	Kommentar
Robotteknologi reinhald	02000	Inventar, utstyr, maskiner (kjøp og finansiell leasing)	Reinhaldstenester	121	693 594	
Nybygg Ulsteinvik Barneskule	02300	Påkostning nybygg og nyanlegg	Ulsteinvik barneskule	222	1 687 550	
Uglasætra bhg - ny bhg Hasund krins	02300	Påkostning nybygg og nyanlegg	Uglasætra bhg - ny bhg Hasund krins	221	1 211 539	
Styring ventilasjonsanlegg Ulstein skule	02300	Påkostning nybygg og nyanlegg	Ulstein skule	222	124 381	
Byggeprosjekt omsorgsbustadar Skollebakken 1	02300	Påkostning nybygg og nyanlegg	Omsorgsbustadar Skollebakken 1	265	24 357 076	
Tiltak ROP-bustadar	02850	Kjøp av eksisterande bygg og anlegg	Ulshaugen 20/21/22/23 (ROP)	265	583 123	
Utfasing gamle lysrør formålsbygg	02000	Inventar, utstyr, maskiner (kjøp og finansiell leasing)	Eigedomsforvaltning	222	682 356	
Kjøp og sal av eigedomar	02850	Kjøp av eksisterande bygg og anlegg	Administrasjon	121	1 745 569	eks.mva
Kjøp og sal av eigedomar	09400	Bruk av ubundne fond	Administrasjon	121	-1 745 569	

Årsmelding 2024

Kjøp og sal av eiendommar	05100	Ekstraordinært avdrag på lån	Ulstein Arena	381	8 509 037	
Kjøp og sal av eiendommar	06700	Sal av fast eiendom	Ulstein Arena	381	- 8 509 037	
Finansiering investering	07290	Kompensasjon for meirverdiavgift	Renter og lån	841	- 5 867 924	
Finansiering investering	09100	Bruk av lån	Renter og lån	870	- 23 471 695	Ubrukte lånemidlar

I tillegg til prosjekt vist i tabell over er følgjande prosjekt avslutta og ubrukt investeringsramme foreslår overført til prosjekt for utfasing av gamle lysrør formålsbygg. Egedoms-avdelinga har omfattande utfordringar knytt til overgang frå lysarmatur med lyskjelde lysstoffrør (som ikkje lenger er lovlege) til nye LED-armatur:

Prosjekt	Konto	Konto (T)	Ansvar	Funksjon	Sum inkl.mva	Kommentar
Rehabilitering ventilasjonsanlegg Ulstein Ungdomsskule	02300	Påkostning nybygg og nyanlegg	Ulstein ungdomsskule	222	-66 665	Ubrukt investeringsramme
Renovering Ulshaugen 3-19	02300	Påkostning nybygg og nyanlegg	Ulshaugen 3-19	265	-154 165	Ubrukt investeringsramme
Solskjerming Reiten	02300	Påkostning nybygg og nyanlegg	Reiten	121	-78 556	Ubrukt investeringsramme
Utfasing gamle lysrør formålsbygg	02000	Inventar, utstyr, maskiner (kjøp og finansiell leasing)	Egedomsforvaltning	222	299 386	
Finansiering investering	07290	Kompensasjon for meirverdiavgift	Renter og lån	841	-59 877	

Finansiering investering	09100	Bruk av lån	Renter og lån	870	-239 509	Ubrukte lånemidler
--------------------------	-------	-------------	---------------	-----	----------	--------------------

Ved avslutning av investeringsrekneskapen for 2024 var salsinntekt for bustad i Anholen ikkje budsjettert, og gjekk til finansiering av investeringsrekneskapen. Dette resulterte i redusert bruk av lån. Planen for denne salsinntekta var å bruke den til å kjøpe ny utleigebustad. Ledige ubrukte lånemidler på 1 513 181,- foreslår brukt til auke av budsjett til kjøp av bustadar:


Prosjekt	Konto	Konto (T)	Ansvar	Funksjon	Sum inkl.mva	Kommentar
Kjøp og sal av eiendomar	02850	Kjøp av eksisterande bygg og anlegg	Administrasjon	121	1 513 181	eks.mva
Finansiering investering	09100	Bruk av lån	Renter og lån	870	-1 513 181	Ubrukte lånemidler

Personal og organisasjon

Organisasjon



Organisasjonskart – UEKF



Arne Runar Vik vart engasjert som fungerande dagleg leiar i føretaket frå 12. august i 40 % stilling kombinert med stillinga som kommunalsjef teknisk, Ulstein kommune. Paul Arne Ulstein gjekk av som dagleg leiar og slutta i selskapet 1. september.

Avdelinga for eigedomsforvaltning har auka bemanninga med ein person i løpet av 2024 - miljøvaktmeister. Dermed hadde UEKF 39 tilsette fordelt på 36,28 årsverk ved årsskiftet.

REINHOLD

Reinhold var UEKF si største avdeling med 23 tilsette. Heidi Lunde Øvereng er reinholdsleder. Avdelinga er ansvarleg for alt reinhold som vert utført i kommunal regi. Avdelinga leverer reinholdstenester basert på faste kontraktar og på bestilling. Det vart investert i 2 robotar i 2024 montert i Ulsteinhallen og Ulstein Arena. Avdelinga har halde fram arbeidet med digitale reinholdsplanar der dei også registrerer avvik som vert observert på bygg (Famac).

Hovudmål:

1. Alle skal vere trygge på at stadar dei arbeider på og besøker, er reine og hygieniske
2. Reinholdstenesta skal nytte ny og smart teknologi
3. Vi skal ha kompetente medarbeidarar som leverer rett kvalitet.

PROSJEKT OG UTVIKLING

Avdelinga har to stillingsheimelar der den eine tilsette p.t. har 20 % omsorgspermisjon. Ein av prosjektleiarane slutta i 2024 og ein ny vart tilsett. Avdelinga har ansvar for prosjektutvikling og styring av kommunale byggeprosjekt (tiltakshavar og byggherre). Arbeidet består av prosjektvurdering i tidlegfase, utgreiingar, ombygging, rehabilitering og nybygg. Avdelinga leier prosjekt- og byggeprosessane, sørger for brukarmedverknad, prosjektering og gjennomføring. Medarbeidarane jobbar i tråd med vedtekne retningslinjer for kommunale byggeprosjekt. Avdelinga leiger også ut ressursar til Ulstein Fjernvarme AS for gjennomføring av deira prosjekt

Nye omsorgsbustader og omsorgsbaser i Skollebakken 1 har vore den klart største og mest krevjande oppgåva for UEKF i 2024. Prosjektet held fram også i heile 2025 med forventa overlevering til byggherre i januar 2026.

I 2024 har her vore døme på nokre mindre prosjekt som har fått kostnader langt over budsjetttramma. Eigedomsforvatninga må ta ein gjennomgang av desse og lære av dei. Stikkord kan vere kvalitetssikra budsjettgrunnlag/forprosjekt, strammare prosjektstyring, betra kommunikasjon og orientering internt i administrasjonen og styrande organ i kommunen.

EIGEDOMSFORVALTNING

Frå 1. september tok miljøvaktmeister til i selskapet etter vedtak i kommunestyret i mars 2024 og avdelinga hadde frå den tid 10 tilsette inkludert leiar Frode Volla.

Avdelinga har eit breitt kompetansemiljø innan forvaltning, drift og vedlikehald av bygg.

Avdelinga handterer byggmessig og teknisk drift og vedlikehald, og drifts- og prosjektoppdrag knytt til Ulstein Fjernvarme AS.

Hovudmål:

1. Sikre at brukarar og tilsette har gode og trygge bygg
2. Jobbe proaktivt med å identifisere feil og manglar i bygningsmassen og følgje opp dette
3. Bidra til å redusere drifts- og vedlikehaldskostnader
4. Ha kompetente medarbeidarar som leverer rett kvalitet.

For å sikre god kompetanseoverføring og gjennomføringskraft, har avdelinga i 2024 jobba i team på to og to knytt til enkeltoppgåver, der teama har ulike fagansvar/byggansvar. Det er gjennomført mange vedlikehaldstiltak i 2024 både på uteområde, formålsbygg og gjennomgangsbustader.

Arbeid med ny vedlikehaldsplan for bygningsmassen starta opp i andre halvår. Planen er viktig for å kunne prioritere drifts- og vedlikehaldsoppgåver på ein økonomisk, arbeids- og miljømessig berekraftig måte.

BUSTAD OG UTLEIGE

Avdelinga har ein stillingsheimel i 100 prosent. Bustadkonsulent fekk permisjon frå stillinga frå 1. august, og vikar kom inn frå same tidspunkt. Stillinga har ansvar for kontraktar og fakturering av husleige for dei om lag 200 husleigekontraktane til kommunen, og indeksregulering av desse. For dei kommunale bustadene koordinerer avdelinga inn- og utflytting, bebuarrådgiving, opplæring, koordinering og gjennomføring av tilsyn, hjelp til tildeling og kjøp og sal av eigedom. Avdelinga har i 2024 hatt ei 100 % engasjementstilling for å kome i mål med busettinga av flyktningar der lønsmidlane har vorte refundert frå avdelinga for inkludering og mangfald (IMU). Innanfor dette feltet nyttar avdelinga seg av framleigekontraktar med private huseigarar.

Det var to brannar i den kommunale bygningsmassen i 2024. Den eine brannen var i ei eining av ROP-bustadane på Ulshaugen, og den andre i Hovsetråsa. Dessverre omkom det ein person i begge brannane.

Hovudmål:

1. Alle skal ha ein god stad å bu
2. Alle med behov for teneste knytt til kommunale bustader skal få hjelp
3. Den offentlege innsatsen skal vere heilskaplig og effektiv

STYRET I UEKF

Styret i UEKF hadde i 2024 denne samansetninga:

Styreleiar - Eldar Knotten (Venstre)

Nestleiar - Anne Grete Sætre

Medlem - Ingunn Hestnes

Hans Petter Th. Ulstein (Høgre)

Tilsettere representant - Heidi Lucille Lunde, ny tilsettere representant frå 1. juli var Frode Volla.

Styret har i 2024 halde 8 møte og handsama 54 saker.

Etter at kommunestyret i møtet 28. november gjorde vedtak om å leggje ned selskapet frå 1. januar 2025, trekte styret seg og gjekk av samla.

Ulstein Eigedomsselskap KF har hatt følgjande organisasjonsnummer 985 212 899.

Likestilling

Kjønnsfordelinga er 66 % kvinner og 34 % menn. Det kan jobbast for å få fleire menn i reinhaldsyirket og fleire kvinner som driftsteknikarar.

HMS

Det vart etablert eige arbeidsmiljøutval for UEKF i 2024 basert på endringar i arbeidsmiljølova vedkomande storleik på organisasjon og krav til organisering.

AMU har hatt tre møte i 2024. Ei hovudoppgåvane for AMU var å få etablert handlingsplan for HMS og følge den opp.

Det er behov for å arbeide vidare med internkontrollen i selskapet og i den samanheng betre rutineane for arkivering.

Selskapet har hatt HMS-grupper i heile organisasjonen.

Det er behov for å arbeide vidare med internkontrollen i den nye eigedomsavdelinga og i den samanheng betre rutineane for arkivering.

Sjukefråvær

Sjukefråvær UEKF:

År

2024

Halvår

Alle

Tertial

Alle


Totalt

I valgt periode: 2,65%


I år og i fjor - Inkluderer sykemeldinger og egenmeldinger



Kjønnsfordelt



Andel gr



Sjukefråvær totalt i 2024

Sjukefråværet var på 2,65 % for UEKF i 2024 - lavt fråvær.

Økonomirapportering drift

	Rekneskap 2024	Opphavleg budsjett	Budsjett- endringar	Revidert budsjett	Avvik 2024	Rekneskap 2023
Overføringer frå staten	-1 836 841	-1 450 000	0	-1 450 000	386 841	-1 630 280
Overføringer frå eigen kommune	-992 357	-739 000	-253 357	-992 357	0	-1 239 000
Refusjonar frå andre	-91 851	-53 000	0	-53 000	38 851	-602 862
Salgs- og leigeinntekter frå eigen kommune	-79 034 997	-78 380 672	0	-78 380 672	654 325	-77 743 872
Salgs- og leigeinntekter frå andre	-35 102 704	-25 452 000	-8 200 000	-33 652 000	1 450 704	-31 191 162
Kompensasjon av meirverdiavgift	-3 647 182	-2 691 489	-955 693	-3 647 182	0	-4 187 149
Sjukelønsrefusjon	-1 657 397	-450 000	-1 207 401	-1 657 401	-4	-1 171 464
Sum driftsinntekter	-122 363 329	-109 216 161	-10 616 451	-119 832 612	2 530 721	-117 765 788
Utgifter til løn	22 055 133	19 372 132	1 340 958	20 713 090	-1 342 043	20 307 873
Sosiale utgifter	5 482 101	6 502 528	61 800	6 564 328	1 082 227	5 462 999
Kjøp av varer og tenester	28 674 133	16 121 729	8 519 912	24 641 641	-4 032 492	23 459 537
Vedlikehold	4 198 866	5 049 940	0	5 049 940	851 074	6 806 133
Kjøp frå eigen kommune	876 218	787 500	0	787 500	-88 718	727 505
Meirverdiavgift	3 647 182	2 691 489	955 693	3 647 182	0	4 187 149
Overføringer til andre	298 419	150 000	0	150 000	-148 419	1 513 444
Avskrivningar	39 318 590	39 100 000	218 592	39 318 592	2	38 640 164
Sum driftsutgifter	104 550 641	89 775 318	11 096 955	100 872 273	-3 678 371	101 104 804
Brutto driftsresultat	-17 812 688	-19 440 843	480 504	-18 960 339	-1 147 651	-16 660 984

Årsmelding 2024

Renteinntekter	-3 665 169	-1 000 000	-2 600 000	-3 600 000	65 169	-731 718
Renteutgifter	32 285 133	29 560 000	2 450 000	32 010 000	-275 133	28 671 997
Avdrag på lån	30 442 415	30 300 000	150 000	30 450 000	7 585	29 616 580
Netto finansutgifter	59 062 379	58 860 000	0	58 860 000	-202 379	57 556 859
Motpost avskrivninger	-39 318 590	-39 100 000	-218 592	-39 318 592	-2	-38 640 164
Netto driftsresultat	1 931 101	319 157	261 912	581 069	-1 350 032	2 255 711
Bruk av disposisjonsfond	-1 551 253	-319 157	-261 912	-581 069	970 184	-2 255 711
Framført til inndekning seinare år (meirforbruk)	379 848	0	0	0	-379 848	0

Rekneskapen for UEKF viser eit negativt netto driftsresultat (meirforbruk) på 1 931 101. Det er eit negativt avvik mot revidert budsjett på om lag 1,35 mill. kr. Ved utgangen av 2. tertial vart dette stipulert til 3,2 mill. kr. Etter fokus på stram økonomisk styring i andre halvår, og at pensjonsutgiftene vart 1 mill mindre enn føresett, kom selskapet ut med eit vesentleg betre økonomisk driftsresultat enn det som var meldt til styret etter 1. halvår og til kommunestyret etter 2. tertial.

Driftsfondet til selskapet var brukt opp ved utgangen av 2024, og morselskapet Ulstein kommune må dekke resten av underdekkinga på om lag 380 000 kr.

Det er fleire årsaker til overforbruket. Det kan m.a. visast til at det vart brukt 1,3 mill. kr meir til lønn og vedlikehald enn budsjettert, det kom inn auka husleige frå juni til lokale for driftsavdelinga i Brendehaugen 13, og det er brukt 1,3 mill. kr til brøyting utan at det ligg føre direkte budsjettmidlar til tiltaket.

Investeringar

Investeringar

Prosjektnamn	Rekneskap 2024	Opphavleg budsjett 2024	Politisk vedteke budsjett 2024	Revidert budsjett 2024	Avvik i NOK	Rekneskap 2023
Robotteknologi reinhald	1 693 359	0	2 500 000	2 500 000	806 641	0
Oppgradering rådhuset	837 291	0	0	0	-837 291	0
Nye administrasjonslokaler	394 762	0	0	0	-394 762	183 367
Almejordet barnehage	3 376 115	0	3 384 583	3 384 583	8 468	861 553
Ny barnehage Hasund krins	1 272 600	3 750 000	2 535 886	2 535 886	1 263 286	459 148
Nybygg Ulsteinvik Barneskule	13 173 460	0	14 942 055	14 942 055	1 768 595	439 214
Rehabilitering ventilasjonsanlegg Ulstein Ungdomsskule	64 774	0	131 439	131 439	66 665	566 643
Uteområde Hasund skule	0	0	0	0	0	69 260
Leikeplasskontroll	595 761	0	595 761	595 761	0	1 104 003
Kunstgrasbane Høddvoll	6 331 884	6 375 000	6 572 500	6 572 500	240 616	0
Styring ventilasjonsanlegg Ulstein skule	375 618	500 000	500 000	500 000	124 382	0
Uteområde Ulsteinvik barneskule	274 351	0	0	0	-274 351	0
Trafikksikring skule	335 988	0	0	0	-335 988	0
Høddvoll friidrett	40 674	0	0	0	-40 674	359 075
Uteområde Alvehaugen	0	0	0	0	0	377 250

Årsmelding 2024

Nye omsorgsbustadar 2024	72 865 129	95 750 000	97 833 148	97 833 148	24 968 019	3 477 133
Ombygging Hovstøylvegen 29 og 31 (35)	0	0	0	0	0	566 495
Tiltak ROP-bustadar	39 864	0	500 000	500 000	460 136	0
Renovering Ulshaugen 3-19	921 736	0	895 068	895 068	-26 668	0
Solskjerming Reiten	0	0	78 556	78 556	78 556	205 353
Dansesal på Reiten - Investering trinn 2	0	0	0	0	0	1 250 000
Utfasing gamle lysrør formålsbygg	317 644	1 000 000	1 000 000	1 000 000	682 356	0
Kjøp og sal av eiendomar	161 935	0	1 745 569	1 745 569	1 583 634	6 901 547
Diverse finanstransaksjonar	5 000	0	0	0	-5 000	0
Sum investeringsutgifter	103 077 945	107 375 000	133 214 565	133 214 565	30 136 620	16 820 041

Summar er inkl.mva

Robotteknologi reinhald: To robotar innkjøpt og montert, Ulstein Arena og Ulsteinhallen

Oppgradering rådhuset: Budsjettet ligg i kommunen/administrasjon, ramme på 3,95 mill. kr

Nye administrasjonslokale: Budsjettet ligg i kommunen/administrasjon, ramme på 3,95 mill. kr, er identisk prosjekt som over, berre ei øk.ramme.

Almejordet barnehage: Prosjekt ferdig - marginalt positivt avvik

Ny barnehage Hasund krins: Under planlegging

Nybygg Ulsteinvik Barneskule: Prosjektet nær ferdigstilling

Rehabilitering ventilasjonsanlegg Ulstein Ungdomsskule: Utført

Leikeplasskontroll: Utført

Kunstgrasbane Høddvoll: Ferdigstilt innanfor økonomisk ramme

Styring ventilasjonsanlegg Ulstein skule: Utført innanfor økonomisk løyving

Uteområde Ulsteinvik barneskule: Forprosjekt utført, budsjett ligg innanfor oppvekst

Trafikksikring skule: Gjerde mot gangveg Skulebakken, stor del finansiert ved tilskott, men ei viss overskriding

Høddvoll friidrett: Prosjektering og anbodskonkurranse iverksett på slutten av 2024.

Nye omsorgsbustadar 2024 (Skollebakken 1): Prosjekt i rute økonomisk og framdriftsmessig.

Tiltak ROP-bustadar: Oppstarta, men sett på vent pga. endring i behov.

Renovering Ulshaugen 3-19: I hovudsak utført - gjenstår noko arbeid for utføring i 2025

Utfasing gamle lysrør formålsbygg: Oppstarta, stort behov som må prioriterast i 2025 etter nærare prioritering

Kjøp og sal av eigedomar: Ein eigedom er selt (Anholen 5 B), ikkje kjøpt noko til erstatning.

Diverse finanstransaksjonar: Ingen kommentar

Årsrekneskap

Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Rev. bud. 2024
Andre generelle driftsinntekter		-1 630	-1 450	-1 450	-1 837	387	-1 450
Sum generelle driftsinntekter		-1 630	-1 450	-1 450	-1 837	387	-1 450
Korrigert sum løyvingar drift, netto		-53 671	-57 091	-56 829	-55 294	-1 534	-56 829
Avskrivningar	4	38 640	39 100	39 319	39 319	0	39 319
Sum netto driftsutgifter		-15 031	-17 991	-17 510	-15 976	-1 534	-17 510
Brutto driftsresultat		-16 661	-19 441	-18 960	-17 813	-1 148	-18 960
Renteinntekter		-732	-1 000	-3 600	-3 665	65	-3 600
Utbytte		0	0	0	0	0	0
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel		1	0	0	0	0	0
Renteutgifter		28 671	29 560	32 010	32 285	-275	32 010
Avdrag på lån	7	29 617	30 300	30 450	30 442	8	30 450
Netto finansutgifter		57 557	58 860	58 860	59 062	-202	58 860
Motpost avskrivningar	4	-38 640	-39 100	-39 319	-39 319	0	-39 319
Netto driftsresultat		2 256	319	581	1 931	-1 350	581
Disponering eller dekning av netto driftsresultat							
Overføring til investering		0	0	0	0	0	0
Avsetningar til bundne driftsfond		0	0	0	0	0	0
Bruk av bundne driftsfond		0	0	0	0	0	0
Avsetningar til disposisjonsfond		0	0	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	9	-2 256	-319	-581	-1 551	970	-581
Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapen		0	0	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat		-2 256	-319	-581	-1 551	970	-581
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)		0	0	0	380	-380	0

Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Rev. bud. 2024
Investeringar i varige driftsmidlar		16 820	107 375	133 215	103 078	30 137	133 215
Tilskot til andre sine investeringar		5	0	0	190	-190	0
Investeringar i aksjar og andelar i selskap		84	0	0	0	0	0
Utlån av eigne midlar		0	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	7	6 336	5 000	15 906	7 397	8 509	15 906
Sum investeringsutgifter		23 245	112 375	149 121	110 665	38 456	149 121
Kompensasjon for meirverdiavgift		-1 778	-21 475	-26 015	-19 648	-6 367	-26 015
Tilskot frå andre		-6 659	-5 000	-18 332	-20 026	1 694	-18 332
Sal av varige driftmiddel		-7 986	0	-8 564	-1 747	-6 817	-8 564
Sal av finansielle anleggsmiddel		0	0	-1 440	-1 445	5	-1 440
Mottatte avdrag på utlån av eigne middel		0	0	0	0	0	0
Bruk av lån		-5 953	-85 900	-92 034	-66 810	-25 224	-92 034
Sum investeringsinntekter		-22 375	-112 375	-146 385	-109 676	-36 710	-146 385
Vidareutlån		0	0	0	0	0	0
Bruk av lån til vidareutlån		0	0	0	0	0	0
Avdrag på lån til vidareutlån		0	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på vidareutlån		0	0	0	0	0	0
Netto utgifter vidareutlån		0	0	0	0	0	0
Overføring frå drift		0	0	0	0	0	0
Avsettingar til bundne investeringsfond		0	0	0	0	0	0
Bruk av bundne investeringsfond	9	-505	0	-1 736	-1 736	0	-1 736
Avsetningar til ubunde investeringsfond	9	0	0	1 440	1 440	0	1 440
Bruk av ubunde investeringsfond	9	-365	0	-2 439	-693	-1 746	-2 439
Dekning av tidlegare års udekka beløp		0	0	0	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsettingar		-870	0	-2 735	-989	-1 746	-2 735
Framført til inndecking i seinare år (udekt)		0	0	0	0	0	0

Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd

1. Investeringar i varige driftsmidlar

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Rev. bud. 2024
Robotteknologi reinhald		0	0	2 500	1 693	807	2 500
Oppgradering rådhuset		0	0	0	837	-837	0
Nye administrasjonslokaler		183	0	0	395	-395	0
Almejordet barnehage		862	0	3 385	3 376	8	3 385
Ny barnehage Hasund krins		459	3 750	2 536	1 273	1 263	2 536
Nybygg Ulsteinvik Barneskule		439	0	14 942	13 173	1 769	14 942
Rehabilitering ventilasjonsanlegg		567	0	131	65	67	131
Ulstein Ungdomsskule							
Uteområde Hasund skule		69	0	0	0	0	0
Leikeplasskontroll		1 104	0	596	596	0	596
Kunstgrasbane Høddvoll		0	6 375	6 573	6 332	241	6 573
Styring ventilasjonsanlegg		0	500	500	376	124	500
Ulstein skule							
Uteområde Ulsteinvik barneskule		0	0	0	274	-274	0
Trafikksikring skule		0	0	0	336	-336	0
Høddvoll friidrett		359	0	0	41	-41	0
Uteområde		377	0	0	0	0	0
Alvehaugen							
Nye omsorgsbustadar 2024		3 477	95 750	97 833	72 865	24 968	97 833
Ombygging Hovstøylvegen 29 og 31 (35)		566	0	0	0	0	0
Tiltak ROP-bustadar		0	0	500	40	460	500
Renovering Ulshaugen 3-19		0	0	895	922	-27	895
Solskjerming Reiten		205	0	79	0	79	79
Dansesal på Reiten - Investering trinn 2		1 250	0	0	0	0	0
Utfasing gamle lysrør formålsbygg		0	1 000	1 000	318	682	1 000
Kjøp og sal av eigedomar		6 902	0	1 746	162	1 584	1 746
Diverse		0	0	0	5	-5	0
finanstransaksjonar							
Investeringar i varige driftsmidlar		16 820	107 375	133 215	103 078	30 137	133 215

2. Tilskot til andre sine investeringar

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Rev. bud. 2024
Kunstgrasbane Høddvoll		0	0	0	190	-190	0
Kjøp og sal av eigedomar		5	0	0	0	0	0
Tilskot til andre sine investeringar		5	0	0	190	-190	0

3. Investeringar i aksjar og andelar

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Rev. bud. 2024
Diverse finanstransaksjonar		84	0	0	0	0	0
Investeringar i aksjar og andelar i selskap		84	0	0	0	0	0

4. Utlån

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Rev. bud. 2024
Utlån av eigne middel		0	0	0	0	0	0
Sum del 1- 4		16 909	107 375	133 215	103 268	29 947	133 215

Balanse

Balanse			
	Note	Regnskap 2024	Regnskap 2023
EIGEDELAR			
A. Anleggsmiddel		1 344 295 648	1 279 130 301
I. Varige driftsmiddel	4	1 297 899 296	1 236 317 476
1. Faste eiendommer og anlegg	4	1 206 982 925	1 143 802 828
2. Utstyr, maskiner og transportmiddel	4	90 916 370	92 514 648
II. Finansielle anleggsmiddel		-	955 392
1. Aksjar og andelar	5	-	955 392
2. Obligasjonar		-	-
3. Utlån		-	-
III. Immaterielle eigedelar		-	-
IV. Pensjonsmiddel	8	46 396 352	41 857 433
B. Omløpsmiddel		46 115 730	49 242 642
I. Bankinnskott og kontantar		34 787 840	40 447 372
II. Finansielle omløpsmiddel		-	-
1. Aksjar og andelar		-	-
2. Obligasjonar		-	-
3. Sertifikat		-	-
4. Derivater		-	-
III. Kortsiktige fordringar		11 327 890	8 795 271
1. Kundefordringar		2 739 845	3 523 327
2. Andre kortsiktige fordringar		6 409 369	4 159 616

Årsmelding 2024

3. Premieavvik	8	2 178 676	1 112 328
Sum egedelar		1 390 411 377	1 328 372 944
EIGENKAPITAL OG GJELD			
C. Eigenkapital		383 310 683	351 039 775
I. Eigenkapital drift	9	- 379 850	1 551 253
1. Disposisjonsfond	9	-	1 551 253
2. Bundne driftsfond	9	-	-
3. Meirforbruk i driftsrekneskap		- 379 850	-
4. Mindreforbruk i driftsrekneskap		-	-
II. Eigenkapital investering	9	3 627 875	4 616 986
1. Ubundet investeringsfond	9	3 627 875	2 880 611
2. Bundne investeringsfond	9	-	1 736 375
3. Udekka beløp i investeringsrekneskapen		-	-
III. Annan eigenkapital		380 062 659	344 871 536
1. Kapitalkonto	3	380 062 659	344 871 536
2. Prinsippendringar som påverkar arbeidskapitalen drift		-	-
3. Prinsippendringar som påverkar arbeidskapitalen investering		-	-
D. Langsiktig gjeld		989 457 374	953 324 678
I. Lån	6	944 752 262	911 004 145
1. Gjeld til kredittinstitusjonar	6	3 068 262	3 329 977
2. Obligasjonslån	6	167 024 000	167 024 000
3. Sertifikatlån	6	774 660 000	740 650 168
II. Pensjonsforpliktelse	8	44 705 112	42 320 533

Årsmelding 2024

E. Kortsiktig gjeld		17 643 320	24 008 490
I. Kortsiktig gjeld		17 643 320	24 008 490
1. Leverandørgjeld		5 729 070	6 477 979
2. Likviditetslån		-	-
3. Derivater		-	-
4. Annan kortsiktig gjeld		11 914 250	17 530 512
5. Premieavvik		-	-
Sum egenkapital og gjeld		1 390 411 377	1 328 372 944
F. Memoriakonti		-	-
I. Ubrukte lånemidler		25 224 384	19 065 912
II. Andre memoriakonti		-	-
III. Motkonto for memoriakontiene		- 25 224 384	- 19 065 912

Årsmelding 2024

Økonomisk oversikt drift etter § 5-6

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Rev. bud. 2024
Andre overføringer og tilskot frå staten	12	-1 630	-1 450	-1 450	-1 837	387	-1 450
Overføringer og tilskot frå andre	12	-84 944	-82 314	-84 731	-85 424	693	-84 731
Sals- og leigeinntekter	12	-31 191	-25 452	-33 652	-35 103	1 451	-33 652
Sum driftsinntekter		-117 766	-109 216	-119 833	-122 363	2 531	-119 833
Utgifter til løn		20 308	19 372	20 771	22 055	-1 284	20 713
Sosiale utgifter		5 463	6 503	6 564	5 482	1 082	6 564
Kjøp av varer og tenester		30 993	21 959	30 421	33 749	-3 328	30 479
Overføringer og tilskot til andre		5 701	2 841	3 797	3 946	-148	3 797
Avskrivningar	4	38 640	39 100	39 319	39 319	0	39 319
Sum driftsutgifter		101 105	89 775	100 872	104 551	-3 678	100 872
Brutto driftsresultat		-16 661	-19 441	-18 960	-17 813	-1 148	-18 960
Renteinntekter		-732	-1 000	-3 600	-3 665	65	-3 600
Utbytte		0	0	0	0	0	0
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidlar		1	0	0	0	0	0
Renteutgifter		28 671	29 560	32 010	32 285	-275	32 010
Avdrag på lån	7	29 617	30 300	30 450	30 442	8	30 450
Netto finansutgifter		57 557	58 860	58 860	59 062	-202	58 860
Motpost avskrivningar	4	-38 640	-39 100	-39 319	-39 319	0	-39 319
Netto driftsresultat		2 256	319	581	1 931	-1 350	581
Disponering eller dekning av netto driftsresultat							
Overføring til investering		0	0	0	0	0	0
Avsettingar til bundne driftsfond		0	0	0	0	0	0
Bruk av bundne driftsfond		0	0	0	0	0	0
Avsettingar til disposisjonsfond		0	0	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	9	-2 256	-319	-581	-1 551	970	-581
Dekning av tidlegare års meirforbruk		0	0	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat		-2 256	-319	-581	-1 551	970	-581
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)		0	0	0	380	-380	0

§5-9 Oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar

Netto driftsresultat	1 931 104
Sum budsjettdisposisjonar	
Årets budsjettavvik (meir- eller mindreforbruk før strykningar)	1 931 104
Strykning av overføring til investering	
Strykning av avsetning til disposisjonsfond	
Strykning av dekning tidligare års meirforbruk	
Strykning av bruk av disposisjonsfond	
Meir eller mindreforbuk etter strykningar	1 931 104
Bruk av disposisjonsfond for reduksjon av årets meirforbruk etter strykningar	-1 551 253
Framført til inndecking i seinare år (meirforbruk)	- 379 850

Sum investeringsutgifter og investeringsinntekter	66 062 263
Sum budsjettdisposisjonar	-94 473 199
Årets budsjettavvik (udekka eller udisponert før strykningar)	-28 410 936
Strykning av avsetningar til ubundne investeringsfond	
Strykning av overføring frå drift	
Strykning av bruk av lån	25 224 385
Strykning av bruk av ubunde investeringsfond	1 746 287
Udisponert etter strykningar	-1 440 264
Avsetning av udisponert beløp etter strykningar til ubundne investeringsfond	1 440 264
Framføring til inndecking seinare år (udekka beløp)	0

Note 1 Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med kommunelova, forskrifter og god kommunal rekneskapsskikk. Alle utgifter, utbetalingar, inntekter og innbetalingar er rekneskapsført brutto. Dette gjeld også interne finansieringstransaksjonar. Alle kjende utgifter, utbetalingar, inntekter og innbetalingar i året er tatt med i årsrekneskapen, enten dei er betalt eller ikkje når årsrekneskapen avsluttast. Dersom dei ikkje kan

fastsettjast eksakt ved tidspunkt for framlegging av rekneskapen, vert det registrert eit estimert beløp.

I investeringsrekneskapen er berre den delen av lånet som er brukt ført. Den delen av lånet som ikkje er brukt, registrerast som memoriapost.

Note 2 Endring i arbeidskapital

BALANSEN	31.12.2024	01.01.2024	Endring
Omløpsmidler	46 115 730	49 242 642	-3 126 912
Kortsiktig gjeld	17 643 320	24 008 490	-6 365 170
Endring i arbeidskapital i balanse	28 472 410	25 234 152	3 238 258
DRIFTS- OG INVESTERINGSREGNSKAPET (bevilgningsoversikter)			2024
Netto driftsresultat			-1 931 104
Netto utgifter/inntekter i investering			989 111
Endring ubrukte lånemidler (økning +/- reduksjon-)			6 158 473
Endring arbeidskapital i drifts- og investeringsregnskapet			3 238 258
<i>Differanse i endring arbeidskapital balanse og drift og investering</i>			0
FORKLARING TIL DIFFERANSE I ENDRING ARBEIDSKAPITAL			
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker arbeidskapital, drift			
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker arbeidskapital, investering			
Sum forklaringer			0

Note 3 Kapitalkonto

BALANSEN	31.12.2024	01.01.2024	Endring
Anleggsmidler	1 344 295 647	1 279 130 301	65 165 346
Langsiktig gjeld	989 457 374	953 324 678	36 132 696
Endring ubrukte lånemidler (økning +/reduksjon-)	25 224 384	19 065 912	6 158 473
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker anleggsmidler			
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker langsiktig gjeld			
Netto endring	380 062 658	344 871 535	35 191 123

Note 4 Varige driftsmiddel

	5 år	10 år	20 år	40 år	50 år	Tomter	Investering s-tilskot	Sum alle anlegg
	IT-utstyr, kontormaskiner	Inventar, verktøy, bilar	Tekniske anlegg	Boligar, vegar, skulelokale mv.	Adm.bygg, sjukeheim. mv			
Bokført verdi 01.01.24	210 024	10 024 811	82 279 814	503 573 088	601 554 581	59 659 945	-20 984 786	1 236 317 477
Tilgang		2 606 764	3 376 115	95 134 000				101 116 879
Avgang				-216 470				-216 470
Avskrivninger	-88 688	-1 244 398	-6 248 071	-17 745 421	-14 662 717		670 705	-39 318 590
Nedskrivninger								0
Bokført verdi 31.12.24	121 336	11 387 177	79 407 858	580 745 197	586 891 864	59 659 945	-20 314 080	1 297 899 297

Note 5 Aksjar og andelar

	31.12.2023	31.12.2024
Eigenkapitalinnskott KLP	955 392	0

Pensjonskasse er endra frå KLP til Storebrand og eigenkapitalinnskott er betalt tilbake.

Note 6 Lån

Lån	
IB lån 01.01.2024	911 004 145
Nye lån i 2024	72 967 832
Betalt avdrag drift	-30 442 415
Betalt avdrag investering	-7 341 795
Betalt avdrag avsett 2023	-1 435 505
UB lån 31.12.2024	944 752 262

		Forfallsintervall
Sertifikatlån	774 660 000	Under 1 år
Fastrentelån	167 024 000	3-5 år
Husbanklån	3 068 262	> 5 år
Totalt	944 752 262	

472 687 000 av lånegjelda er rentesikra gjennom rentebytte avtalar.

Note 7 Minsteavdrag

Avskrivning 2024	39 318 590
Bokført verdi varige driftsmidler 01.01.24	1 176 657 531
Samla lånegjeld 01.01.24	911 004 145
Minsteavdrag	30 441 651
Betalt og bokført i 2024	30 442 415

Note 8 Pensjon

Pensjonsordninga

UEKF er omfatta av ei kollektiv pensjonsordning i Storebrand som sikrar dei tilsette tariffesta tenestepensjon. Dette gjeld alders-, uføre-, etterlatne-, tidlegpensjon, AFP og vilkårsbunden tenestepensjon. Årskulla fødde før 1963 er sikra tidlegpensjon og AFP 62-67 år. Pensjonane vert samordna med utbetalingane frå folketrygda i dei tilfella regelverket krev det.

Premiefond

Premiefondet er eit fond for tilbakeført premie og overskot. Eventuelle midlar på fondet kan berre verte nytta til framtidig premiebetaling. Premiefondet inngår ikkje i kommunerekneskapen, men bruk av fondet reduserer faktisk betalte pensjonspremier. Tabellen under viser saldoen, tilførselen og bruken av fondet dei 2 siste åra:

Premiefond	2024	2023
Saldo på premiefond pr. 1.1	2 875	11 666
Tilført premiefondet i løpet av året	3 219 190	245 280
Bruk av premiefondet i løpet av året	2 875	254 074
Saldo på premiefond pr. 31.12	2 875	2 875

Finansiering av AFP

I Storebrand si ordning kan finansiering av tidlegpensjon skje ved at arbeidsgjevar dekker denne fullt ut (sjølvrisiko), 100% utjamning (arbeidsgjevar betalar eit beløp kvart kvartal rekna ut frå det samla lønsgrunnlaget), eller 50% utjamning (ein kombinasjon av sjølvrisiko og utjamning). Tabellen under viser korleis føretaket har valt å finansiere tidlegpensjon:

Finansiering av tidlegpensjon	
AFP 62-64	100% utjamning
AFP 65-67	100% utjamning
85-årsregel	100% utjamning

Rekneskapsføring av pensjon

Etter ny kommunelov skal pensjon i kommunale føretak verte ført i samsvar med budsjett- og rekneskapsforskrifta. Etter § 3-5 og § 3-6 i forskrifta skal driftsrekneskapen verte belasta med pensjonskostnadar som er rekna ut i frå langsiktige føresetnader om avkastning, lønsvekst og G-regulering. Pensjonskostnadane vert rekna ut på ei anna måte enn pensjonspremiane som verte betalt til Storebrand, og det vil difor normalt vere forskjell mellom desse to beløpa. Forskjellen mellom betalt pensjonspremie og berekna pensjonskostnad vert kalla premieavvik, og skal inntekts- eller utgiftsførast i driftsrekneskapen. Premieavviket vert tilbakeført (amortisert) dei komande åra med 1/7 per år for premieavvik oppstått i 2014 eller seinare.

Rekneskapsføring av premieavvik og amortisering av premieavvik har hatt innverknad på netto driftsresultat ved at rekneskapsførte pensjonsutgifter i 2024 er kr. 934 572 mindre enn faktisk betalte pensjonspremiar. Tabellen under viser dei balanseførte tala for premieavviket i 2023 og 2024:

Akkumulert premieavvik	2024	2023
Sum attståande premieavvik tidlegare år (pr. 1.1.)	974 870	-1 327 767
+ Årets premieavvik	1 013 837	2 084 164
- Sum amortisert premieavvik dette året	79 265	-218 473
= Akkumulert premieavvik pr. 31.12.	1 909 442	974 870

Årsmelding 2024

Arbeidsgjevaravgift av akkumulert premieavvik	269 231	137 457
Sum akkumulert premieavvik inkl. arb.g.avgift	2 178 673	1 112 327

Avskrivningstida (amortiseringa) på premieavviket er 7 år.

Økonomiske føresetnader

Det er nytta følgjande økonomiske føresetnader for berekninga av pensjonskostnaden:

Økonomiske føresetnader	2024
Forventa avkastning pensjonsmidlar	4,50 %
Diskonteringsrente (risikofri)	4,00 %
Forventa årleg lønnsvekst	2,97 %
Årleg vekst i folketrygdens grunnbeløp	2,97 %
Årleg vekst i pensjonsregulering	2,20 %

Dette gir følgjande oppsett over pensjonskostnadane i driftsrekneskapen og over netto pensjonsforpliktingar:

	Pensjonsutgifter i drifts- og investeringsrekneskapen	2024	2023
A	Berekna netto pensjonskostnad	2 288 620	2 745 723
B	Forfalt pensjonspremie (eks. adm.kostnadar)	3 302 457	4 829 887
C	Årets premieavvik (A-B)	-1 013 837	-2 084 164
D	Amortisering av tidlegare års premieavvik	79 265	-218 473
E	Administrasjonskostnad	190 749	117 952

Årsmelding 2024

F	Brutto pensjonsutgift etter premieavvik og amortisering (B+C+D+E)	2 558 634	2 645 202
G	Pensjonstrekk tilsette	416 875	396 670
	Årets rekneskapsførte pensjonsutgift (F-G)	2 141 759	2 248 532

Pensjonsmidlar og pensjonsforpliktingar		2024	2023
Netto pensjonsforpliktingar pr. 1.1.		405 872	1 862 495
Årets premieavvik		1 013 837	2 084 164
Estimatavvik (ført direkte mot egenkapital)		-1 083 275	627 541
Netto pensjonsforpliktingar pr. 31.12 før arb.g.avg.		-1 691 240	405 872
Herav	Brutto pensjonsforplikting	44 705 112	42 263 305
	Pensjonsmidlar	46 396 352	41 875 433
	Arbeidsgjevaravgift av netto pensjonsforplikting	*	57 228

Midlane er større enn forpliktingane og det skal ikkje bereknast arbeidsgjevaravgift.

Note 9 Fond

Balansen	31.12.2024	01.01.2024	Endring
Disposisjonsfond	0	1 551 253	-1 551 253
Bundne invest. fond	0	1 736 375	-1 736 375
Ubundne invest. fond	3 627 875	2 880 611	747 264
Bundne driftsfond	0	0	0
Sum fond	3 627 875	6 168 239	-2 540 364

Avsetninger og bruk av avsetninger:

Disposisjonsfond	Beløp
Beholdning 01.01.2024	1 551 253
Avsetninger til fondet	0
Bruk av fondet	-1 551 253
Beholdning 31.12.2024	1 551 253

Ubundne investeringsfond	Beløp
Beholdning 01.01.2024	2 880 611
Avsetninger til fondet	1 440 264
Bruk av fondet	-693 000
Beholdning 31.12.2024	3 627 875

Bundne driftsfond	Beløp
Beholdning 01.01.2024	0
Avsetninger til fondet	0
Bruk av fondet	0
Beholdning 31.12.2024	0

Bundne investeringsfond	Beløp
Beholdning 01.01.2024	1 736 375
Avsetninger til fondet	0
Bruk av fondet	-1 736 375
Beholdning 31.12.2024	0

Note 10 Godtgjersle og honorar

Tekst	2024	2023
Godtgjersle styre	116 572	67 400
Løn dagleg leiar	977 000	847 000
Søre Sunnmøre Kommunerevisjon	0	30 000

Note 11 Tap og tapsavsetning

Det er tapsført 367 522,- i 2024.

Saldo avsetning til framtidige tap er kr. 1 072 122,- pr 31.12.24.

Note 12 Inntekter frå eiga kommune

Fordeling inntekter	
Inntekter frå eigen kommune	80 027 354
Inntekter frå andre	42 335 975
Sum driftsinntekter	122 363 329

Note 13 Meirforbruk

Samla meirforbruk mot budsjett er 1 350 034,-. Av dette er 970 184,- dekt av restsaldo på disposisjonsfond. Resterande meirforbruk på 379 850,- er framført til inndekning i seinare år.

Note 14 Avvikling

Ulstein eigedomsselskap KF blir frå 01.01.25 avvikla som eige selskap og blir organisatorisk ei eining under Ulstein kommune. Ulstein kommune tek over alle rettar og pliktar til Ulstein eigedomsselskap KF ved avviklinga.